



Klassa på besøk hos Johannes

Tredjeklassa med kontaktlærer Elisabet Amundsen i spissen har hatt ein stor og lærerik dag i dag. Dei 14 elevane har vore på adventstur til Skorpo der ein av elevane - Nils Rainer - bur. Klassa var også der då dei var førsteklassingar så no tek dei til å bli godt kjende med den spennande øya.



Triveleg servering hos Marit

Mora til Nils Rainer - Anja Strüter Vågen - tok i mot på kaia og første mål var eldhuset til Marit Langballe der grønnsaker

til suppa vart skore opp og brød og rundstykkjer steikte. Brøda fekk elevane med seg heim medan rundstykkjene vart ete til suppa. Klassa var delt i to slik at halve flokken gjekk opp til Johannes i 'tunet i det blå'. Der opplevde dei røykstova frå 1794 og fekk høyra mykje om livet i gamle dagar.

Til slutt møttes alle hos Marit til matøkt.

- Elevanei leikte også og hadde ein utruleg dag med mange gode opplevingar, seier Elisabet.
- Det er ein av dei beste dagane klassa har hatt, legg ho til. og vil takka Anja, Marit, Ole Kristoffer og Johannes som gjorde det mogeleg å få så mange opplevingar på ein dag

Av Ola Matti Mathisen
Foto: Elisabet Amundsen